



| | | |
|-------------------------------|------------------------|--|
| SAKSHANDSAMAR Trond Taubøl | INNVALSTELEFON | TELEFAKS +47 22 94 04 04 postmottak@ra.no www.riksantikvaren.no |
| VÅR REF. 16/00019-4 | DYKKAR REF. | |
| ARK. 333.3 | DYKKAR DATO | |
| Forvaltningsarkivet | VÅR DATO 21.02.2016 | |

Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kulturavd.
KulturavdelingaPostboks 173
6801 Førde

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden Tilskot frå statsbudsjettet 2016 kapittel 1429 post 79

Riksantikvaren syner til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 11.1.2016 og søknad om tilskot til verdsarven Vestnorsk fjordlandskap i Sogn og Fjordane. Vi har gjennomgått søknaden og finner at den oppfyller gjeldande vilkår.

VEDTAK:

Riksantikvaren gir med dette eit tilskot frå statsbudsjettet 2016 kap. 1429 post 79 på inntil kr. 750 000,-

Tilskotet skal dekke kostnader med istandsetting av hus i verdsarvområdet.

Tilskotet skal nyttast etter fylkeskommunen si prioritering av innkomne søknader til arbeid med istandsetjing av bygningar, anlegg og kulturmiljø som ber vitne om menneskjas liv tilpassa eit dramatisk fjordlandskap der erosjonsprosesser aktivt verkar (innskrivingskriterium (viii)), eller som underbyggjar den visuelle opplevinga av landskapets eineståande estetiske verdiar (innskrivingskriterium (vii)).

Fylkeskommunen si handtering av tilskotsmidla skal følge «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkår nærmare omtalt i vedlegget «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79». Vi ber om at fylkeskommune nytter seg av vedlegget «Akseptskjema for tilskuddsmottaker 2016» overfor eigar ved tildeling av tilskot. Saman med skjemaet skal eigar også få kopi av vedlegget «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79».

Grunngjeving

Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.

Midla på post 79 verdsarv går til private eigarar og forvaltarar av verdsarvstader i Norge. Dette er for tida åtte stader. Riksantikvarens tilskot i 2016 går i all hovudsak til prosjekter for sikring og istandsetting, men også til større nødvendige tiltak for å sikre at måla vert oppnådd og at krava frå UNESCO på feltet vert oppfylte. Under dette midlar til koordinatorstillingar,

revidering av forvalningsplanar, formidling og utarbeiding av buffersone der dette manglar. Riksantikvaren legg vekt på at stadene ikkje berre skal ha ein tilfredsstillande teknisk tilstand, men også ei forvaltning og formelt vern som oppfyller krava i verdsarvkonvensjonen.

Tilskot frå post 79

Midlar frå Riksantikvarens kapittel 1429 post 79 er knytt til bevaringsprogrammet for verdsarven. Formålet med bevaringsprogrammet er å utvikle dei åtte norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innan natur - og kulturminneforvaltning. Gjennom programmet skal verdsarvområda sikrast ein best mogeleg tilstand, forvaltning og formelt vern i tråd med forpliktingane i UNESCO sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå UNESCO.

Dersom det oppstår tvil om planlagde tiltak vil være i samsvar med antikvariske retningsliner skal Riksantikvaren eller fylkeskommunen kontaktas. Dersom retningslinjene for tilskotet ikkje følgjes kan dette få som konsekvens at tilskotet ikkje vert utbetalt.

Utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskot skal skje i samsvar med vedtak om tilskot.

Utbetaling av tilskot til istandsetjing skjer på bakgrunn av førespurnad om utbetaling frå fylkeskommunen. Førespurnaden skal innehalde ein kort oversikt over fylkeskommunen sine prioriteringar. Riksantikvaren aksepterer at 10 % av dei tildelte midla ikkje er disponert på dette tidspunktet. Brev med utbetaling vil innehalde ei godkjenning av fylkeskommunen sine planer, eventuelle merknadar samt ei utbetaling av heile tilskotet.

Rapportering

Angåande søknad og rapportering syner vi til retningsliner og føringar gitt i brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 11.2.16 om tildeling og utbetaling av tilskot frå post 71.

Retningsliner og vilkår

Vedlagt følger *Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet*. Mottakar skal sette seg godt inn i retningslinene og vilkåra for tilskot. Det er en føresetnad for utbetaling av tilskotet at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget, vert aksepterte og oppfylte.


Opplysning om høve til å klage

Vedtaket kan klagast på til Klima - og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre - 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Beste helsing



Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
seksjonssjef



Trond Taugbøl
seniorrådgiver

| Kontering ved tilskudd og tilsagn: <i>(for intern bruk hos Riksantikvaren)</i> | | | |
|--|------------------|-------------------------|----------------------------|
| Konto: 8719 | Koststed: 492 | Innsatsnr: | Tilskuddsnummer: 160414 |
| Beløp: Kr. 750 000,- | | VP (res mål): 160200 | Merknad: |

Vedlegg: 3

Kopi til: Verdsarvrådet Vestnorsk Fjordlandskap - Sekretariat nord, Gjørvahaugane 35, 6216 GEIRANGER/ Verdsarvrådet Vestnorsk Fjordlandskap - Sekretariat sør, Heradshuset, 5745 AURLAND/ Norsk Kulturminnefond, Bergmannsgata 17 , 7374 RØROS

| Mottaker | Kontaktperson | Adresse | Post |
|---|---------------|------------------------------|------------|
| Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kulturavd. | | Kulturavdelinga Postboks 173 | 6801 Førde |